Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 16.02.2026

Vår ref: 2025/12635

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 55 57 21 43

Skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2026

Statsforvaltaren har i brev av 21. august 2025 invitert kommunane i Vestland til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2026.

Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Statsforvaltaren har i statsbudsjettet fordelt kr 97,9 mill. til kommunane av den samla skjønsramma på kr 123,4 mill. i Vestland i år. Det er difor att kr 25,5 mill. av skjønsmidlane for i år, før denne fordelinga av prosjektskjøn.

Kr 12,6 mill. av den attståande ramma blir no fordelte som prosjektskjøn til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Vi gir tilskot til 28 av dei 48 søknadene frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr 47,6 mill.

KS Vestland ved dagleg leiar har delteke i arbeidsmøte, og kome med synspunkt og innspel til fordelinga.

Fornyingsmidlane er no fordelte mellom dei ulike fagområda. Tabellen under syner samla søknadsbeløp på føremål (venstre kolonne) og fordelte tilskot på føremål (høgre kolonne), tal i kroner:

Helse og omsorg	14 513 000	2 950 000
Barnehage og skule	4 300 000	2 200 000
Utsette barn og unge	10 460 000	3 050 000
Kunstig intelligens	1 700 000	200 000
Interkommunalt planarbeid	1 620 000	900 000
Samfunnstryggleik og beredskap	7 420 000	2 400 000
Klima	400 000	400 000
Økonomisk berekraft og omstillingsarbeid	3 000 000	0
Andre føremål	4 200 000	500 000
Totalsum	**47 613 000**	**12 600 000**

Vi prioriterer å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.

Etter denne fordelinga vil det stå att kr 12,9 mill. av kommunane i Vestland si skjønsramme for 2026. Dette oppfyller vilkår frå departementet med omsyn til kor mykje skjønsmidlar vi må ha att til uføresette og ekstraordinære utgifter i løpet av året, t.d. i samband med naturskade. Den attståande skjønsramma vil bli fordelt til hausten.

Rapportering for prosjektskjøn 2026 skal gjerast i den same portalen som er blitt nytta for søknader for 2026, det vil seie : https://prosjektskjonn.statsforvalteren.no Frist for denne rapporteringa er sett til 1. februar 2027. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i denne fordelinga.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
statsforvaltar

Synnøve Stalheim
direktør

Dersom det er spørsmål, kan kommunane ta kontakt med Ingunn Broch Hauge (57643020), Håvard Rød(55572143) eller Edvard Høgestøl (55572045) hjå Statsforvaltaren, eventuelt e-post.

Vedlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Frode.Kyrkjebo@ks.no